



# DEN NORSKE KYRKJA

Sauherad og Nes sokn

Kyrkjerådet  
Pb 799, Sentrum  
0106 OSLO

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Vår saksbeh.:	Arkivkode:	Dato:
	17/00015-006	Trond M. Haugen	002.0	13.06.2017

## HØRINGSSVAR - FORSLAG TIL NYE REGLAR FOR VAL AV SOKNERÅD, BISPEDØMERÅD OG KYRKJEMØTET

### Til kapittel 1.2 og 1.5 – Det rettslege grunnlaget for Kyrkjevalet 2019 og Behov for en større revidering av reglene.

Sauherad og Nes sokn ser ikkje at det er naudsynt å gjere endringar i valordninga no, sidan det vil kome ei ny lov til erstatning for dagens Kyrkjelov om ikkje lenge. Mindre justeringar kan gjerast no, men ei større revidering bør etter vår mening vente.

### Til kapittel 1.4 - Føringer for utforminga av nye regler

Sauherad og Nes sokn vil advare mot ei tenking der målet er størst mulig grad av samordning mellom val av sokneråd og val av bispedømeråd/Kyrkjemøte. Motivasjonen for å stille som kandidat til soknerådet er som oftast eit ynske om å bygge og løfte den lokale kyrkja sitt arbeid på ulike felte. Kyrkjepolitisk dragkamp og teologisk usemje, slik vi har sett i det siste, kan virke demotiverande og det motsette av å bygge samhold.

Vi er ikkje samde i at det bør vere eit hovudmål å samordne valreglene mest muleg med det politiske demokratiet. Dette vil sette kyrkja sin eigenart og det teologiske grunnlaget for et kyrkjeleg demokrati på prøve.

### Til kapittel 2.1 - Direkteval eller kombinasjonsval med direkte og indirekte valomgang ved val av leke medlemmar til bispedømeråd og kyrkjemøtet

Sauherad og Nes sokn støtter alternativ 1, altså ei vidareføring av dagens ordning. Dette vil da framleis gje sokneråda høve til å øve innflytelse på samansetninga av bispedømerådet/Kyrkjemøtet i dei bispedøma der det er gjort vedtak om at valet skal gjennomførast som eit kombinasjonsval.

Kyrkjerådet si uro for at dette vil føre til en kommunikasjonsmessig utfordring knytt til at det vil ta lang tid før det endelige valresultatet ligg føre, veg etter vår vurdering ikkje tyngre enn å ta vare på muligheten som ligge i at dei som er valt inn i soknerådet, med eit stort og omfattande ansvar, har til å påvirke samansetjinga av bispedømeråd/Kyrkjemøtet.

Problemet med at dette vil gje dei innvalte soknerådsmedlame høve til å røyste to gonger ved same val, ser vi som uproblematisk. Det blir feil å la prinsipp setje ein stoppar for gode og tenlege

---

Adresse:	Tlf	E-post/Internett:	Bankkonto / Org.nr.:
Pb 4 3834 GVARV	Tlf: 35 10 11 20	post@sauherad.kyrkja.no <a href="http://www.helsing.no">www.helsing.no</a>	2675.07.07202 976 991 575



# DEN NORSKE KYRKJA

Sauherad og Nes sokn

løysingar.

## Til kapittel 2.2 - Flertalls- og forholdstallsvalg ved valg av leke medlemmer til bispedømmeråd og Kyrkjemøtet

Sauherad og Nes sokn støtter alternativ 2 som er ei ordning med nominasjonskomiteen si liste og andre lister med samtidige frister. Dette sikrer at det alltid er ei liste som kjem frå ein nominasjonskomite danna av sokneråda i det enkelte bispedøme. Denne ordninga vil redusere behovet for alternative lister, men samstundes ikkje fullstendig blokkere for dette.

## Til kapittel 2.3 - Tilskuddsordning for finansiering av nomineringsgrupper m.m.

Sauherad og Nes sokn meiner at kyrkjepolitiske grupperingar som ønsker å stille til val må finansiere seg sjølv. Opptrykk av vallister bør dekkast av kyrkja sitt valapparat

Den norske kyrkja sine utgifter til gjennomføring av kyrkjelege val kostar allereie svært mykje, og i val av fremtidige valreglar må kostnadane reduserast. Dette for at det sentralkyrkjelege ledd kan overføre meir av det statlege tilskotet (som det er grunn til å tru vil bli redusert framover) til kyrkjelydsarbeidet i soknea.

Det er det lokale arbeidet som i praksis bærer legitimeten både til bispedømmerådet og Kyrkjemøtet.

## Til kapittel 2.4.1 - Personstemmer og strykninger

Sauherad og Nes sokn meiner at dagens grense på tre tillegsstemmer bør vidareførast.

For å auke veljarane sitt høve til å påvirke valet kunne det vere ønskeleg å gjenninføre høve til å stryke kandidatar. Men vi ser at det kan virke både demotiverande og gjere det enda vanskelegare å rekruttere kandidatar. Ut i frå ei slik vurdering vil vi ikkje tilrå ei gjenninføring av strykningar.

## Til kapittel 2.4.2 – Stemmetillegg

Sauherad og Nes sokn meiner det ikkje bør innførast ein ordning med stemmetillegg (førerhandskummulering).

## Til kapittel 2.4.2 - Personvalreglar internt på listene

Sauherad og Nes sokn støtter alternativ 2 der det blir innført ei sperregrense på fem prosent personlig stemmetall.

## Til kapittel 3.3.2 – Vurderingar - § 3-7. Rett til å krevje fritak frå val

Alder som som grunnlag for å be seg friteken frå val er ikkje ei spørsmålstilling i høyningsnotatet (jfr kyrkjelova § 6). Sauherad og Nes sokn meiner at dagens grense på 65 år bør hevast til 75 – dersom alder framleis skal vere fritaksgrunn. Vi registrerer at i Valløva er blei punktet om at ved fylte 65 år kunne ein be seg friteken, fjerna ism arbeid med Ot.prp nr 2 45 i 2001-2202.

Vi meiner denne fritaksretten sender eit uheldig signal samstundes som ein kan risikere å miste mange flinke og aktive kandidatar. Det bør vere vide grenser for kven som er valbare, og tilsvarande meir avgrensar fritaksrettar, for at folkekirkja skal ha sin legitimitet i det breie lag av folket.

---

Adresse:

Pb 4

3834 GVARV

Tlf

Tlf: 35 10 11 20

E-post/Internett:

post@sauherad.kyrkja.no

[www.helsing.no](http://www.helsing.no)

Bankkonto / Org.nr.:

2675.07.07202

976 991 575



DEN NORSKE KYRKJA

Sauherad og Nes sokn

**Til kapittel 4.2.4.1 Stemmesedlar**

Sauherad og Nes sokn støtter tanken om at bispedømerådet får ansvar for tykking og utsending av stemmesedlar til bispedøme- og kyrkjemøtevalet.

Venleg helsing

Trond Magnus Haugen  
kyrkjeverje

---

**Adresse:**  
Pb 4  
3834 GVARV

**Tlf**  
Tlf: 35 10 11 20

**E-post/Internett:**  
post@sauherad.kyrkja.no  
[www.helsing.no](http://www.helsing.no)

**Bankkonto / Org.nr.:**  
2675.07.07202  
976 991 575